

Songleikar

Gunhild Aadland Rolfsnes, Høgskulen på Vestlandet

Songleikar kan gjerast både inne og ute, kva tid som helst, og passar godt til å samle og inkludere mange, både vaksne og born, i felles aktivitet!

En feierkost

En feierkost, en feierkost, hva gjør man med den, hva gjør man med den

Man feier med den, man feier med den

I pipa, i pipa

Forklaring: Ein kan stå i ring, eller på sin plass i t.d. i klasserommet, eller sitte på ein stol. Dersom ein står, kan ein sette seg ned kvar gong ein syng ordet “pipa”. Dersom ein sit, reiser ein seg kvar gong ein syng “pipa”. Så kan ein kombinere ulike variantar!

Ein bonde i vår by (songleik)

Ein bonde i vår by, en bonde i vår by,

Hei, hopp, trallallalla, ein bonde i vår by

Og bonden tar ei kone og bonden tar ei kone

Hei, hopp, trallallalla, og bonden tar ei kone

Og kona tar eit barn, og kona tar eit barn

Hei, hopp, trallallalla, og kona tar eit barn

Fortsetting: hund-katt-mus-ost

Siste gong:

Og osten står igjen og osten står igjen,

Hei, hopp, trallallalla og osten står igjen!

Leiaren seier: «Men simsalabim, så blir osten trylla om til ein ny bonde!»

Forklaring: Alle står i ein ring, med bonden i midten. Bonden vandrar motsett veg av ringen og plukkar seg ei kone frå ringen. Etter kvart blir det ei lang rekke inni ringen som går motsett veg heilt til osten står igjen: då går dei andre tilbake i ringen.

A-let-a-go-go (songleik) (I let her go go)

A-let-a-go-go,

A-i-a-let-a-go-go,

A-i-a-let-a-gooooo

A-let-a-go!go!go!

Forklaring: Stå i ein ring, to og to mot kvarandre. To og to klappar hendene mot kvarandre på «go». Når ein kjem til den lange "gooooo", snurrer ein rundt og bytter plass. Ved aller siste "go", snur ein seg igjen, og får dermed ein ny partner. Denne songen fint også med andre "danse"mønster. Leiken er ferdig når ein møter igjen sin første partner.

Vil du ut i skogen (Karusellen)

Vil du ut i skogen, ja, så kom

Vil du vera med og sjå deg om,

Tralalala, tralalala, og ein to tre!

Forklaring: (NB: Viktig med partal her) To ringar der alle står med andletet innover. (Dei som star innerst star med ryggen til dei som star ytterst) Den innerste ringen held kvarandre i hendene. Dei som står ytterst held på skuldrene til den i den innerste ringen som star framom dei. Galoppsteg rundt medan songen går. Når ein kjem til "ein": ytterste ringen stoppar, løftar hendene opp i lufta. "To": ytterste ringen hoppar eitt hopp vidare. "tre": Ytterste ringen legg armane på skuldrene til den nye personen som no star framom. Den innerste ringen fortset med galoppsteg heile tida, stansar ikkje opp. Dette er ein leik som skaper liv og røre og gjer ein varm i trøya!

Tips til ressurs-sider på nett

<https://www.folkepedia.no/>

<https://www.musikkiskolen.no/>

Film med nokre songleikar frå Ole Bull Akademiet (Astri Sudmann som instruktør).

<https://www.youtube.com/watch?v=56brAcRddYM>